Nr 860 L.a.
PÅ LAGER. SEM & STENERSEN A/s. OSLO.
9-59.

70

Til innhefting i panteboka.

Dagbok nr.
01955 27.4.62
NORDHORDLAND
SORENSKRIVAREMBETE

# Skyldskifte

Fredag dag den 3. Feb. 1962 heldt vi underskrivne, oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Stallen

g.nr. 7 b.nr. 1 med skyld mark 0.95 i Lindås

herad. Skyldskifte er kravt av Andreas Stall

som har grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld[1]).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene har gjevi skjønsmannslovnad, ~~så nær som~~[2]) ..............

Ved tenesta møtte[3]) Dei av lensmannen oppnemnde skjøns menner Ola Jordal, Lean Veland, Sig. Fykse. Dei to siste møtte som varamenner. Selgjaren Andr. Stall og kjøparen Bjarne Svendal. Der var ingen tilstøytand eigedomar.

Mennene valde til formann Sig. Fykse

Om den/dei fråskilde luten/lutene av garden kan det gjevast desse opplysningane:

1.[4]) *Areal:* Dyrka jord .......... dekar, naturleg eng og kulturbeite .......... dekar, produktiv skog .......... dekar, anna areal .......... dekar. I alt .......... dekar.

2. Grenser:[5]) Parsellen er omlag 0.75 d.a. stor. Den ligg ved Kvilet på austsida åt sjøvegen.
Merkeslina tek til ved sjøvegen og går i sudaustleg lei 2.80 m.

[1]) Skyldskifte kan ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta, anten har grunnboksheimel eller dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslova.)

[2]) Har nokon av mennene ikkje gjevi slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 frå 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd før tenesta tek til, og utsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding. den 19 N. N.»

[3]) Om nokon av dei grannane eller partane som skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa om det er prova at dei har fått varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslova.)

[4]) Oppgåve over arealet m. m. til den fråskilde luten skal berre gjevast for areal som er over 2 dekar (jfr. skylddelingslova § 9.) Er arealet under 2 dekar, må det attesterast i tenesta.

[5]) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslova. Grensene mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp når eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei set i skyld (§ 7 i lova), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteki skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lova.)

til kross i berg og vidare i same lei 18.70 m. til kross i berg. Lina går så i nordaustleg lei 9.20 m til kross i berg og vidare i nordleg lei 22.50 m til kross i berg, den går så i nord-norvesleg lei 26.30 m til kross i ~~berg~~ stor stein ved den gjömende sjövegen. Merkeslina fylgjer så denne sjövegen attende til utgangspunktet

Parselleigaren har rett til å nytta sjövegen og båtstöa saman med eigaren av hovud-bruket.

Parselleigaren har gjerdeplikta i merkeslinene kring parsellen.

Seljar: Andreas Stall

Kjöpar: Hjalmar Sunndal

1. Er det jordbruk og skog i den eigedomen som vert delt? Nei

2. Får kvart jordbruk som kjem fram etter skiftet, så mykje skog som trengst til hus-berging og gards-tarv? Nei

3. Er det jordbruk med fjellvidd, fjellvatn, elvar og bekker i den eigedomen som vert delt? Nei